



UNIVERSITETET I OSLO

DET HUMANISTISKE FAKULTET

Ordinær eksamen i EXPHIL03 hausten 2013 – sjølstudiumsvarianten

Tysdag 3. desember - kl 09.00-13.00 (4 timar)

Du finn heile oppgåvesettet på ei side.
Det er ikkje lov å bruke hjelpemiddel.
Du må svare på ei oppgåve frå del I og ei oppgåve frå del II.

Del I: Filosofi- og vitskaphistorie

Anten:

Mayr lister opp nokre oppfatningar han meiner må ryddast av vegen for at biologi skal kunne oppnå status som vitskap i artikkelen *Biologiens Autonomi*. Nemn nokre av oppfatningane og forklar kva som gjer at dei ikkje kan vere sameina med Mayrs syn på biologi.

Eller:

Kvifor bring Sokrates inn den såkalla gjenerindringslæra i epistemologien (kunnskapsteorien) sin? Framstill hovudtrekka i forsøka slaveguten gjer på å løyse eit geometrisk problem og drøft om Sokrates klarer å bevise at gjenerindring faktisk skjer. Grei kort ut om kva som er skilnaden mellom synet til Aristoteles og Platon på korleis vi oppnår kunne (viten).

Del II: Etikk

Anten:

Grei ut om hovudtrekka ved utilitarismen slik J.J.C. Smart framstiller dei. Referer nokre av argumenta Singer legg fram for sitt syn på abort, varig vern av villmark eller det å ta vare på interessa til dyra. Drøft om desse argumenta samsvarar med Smarts utilitarisme eller ikkje.

Eller:

Charles Fried hevder at ei konsekvensialistisk tolking av absolutte normer (til dømes: «Du skal ikkje drepe ein uskuldig!» eller «Du skal ikkje ljugе!») vil føre til at ein aktør blir besett eller handlingslamma. Kva meiner han med dette? Kva for argument sett Fried fram til støtte for sitt syn om at en deontologisk etikk unngår desse problema? Rammer kritikken hans av slike konsekvensialistiske tolkingar handlingsutilitarismen til Smart? Grunnge svaret.